

SANDØY KOMMUNE

BEHANDLA AV:				
<i>Beh.rf.</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>	<i>Arkivsaksnr.</i>	<i>Utvalssak</i>
X	Formannskapet	19.11.01	01/00028-2	055/01
1	Kommunestyret	06.12.01	01/00028-2	034/01

Saksbehandlar: Kari Birkeland/ Eli Mette Vasstein

Enkeltvedtak: NEI

Øk.konsekvensar for kommunen: JA

Ark: 231 H

Kriteria for fastsetting av vederlag, frådrag i berekningsgrunnlaget, etterberekning, og sluttoppgjer for langtidsopphald og korttidsopphald over 60 døgn

Framlegg til vedtak:

I tillegg til gjeldande forskrifter, vedtek Sandøy kommune spesifiserte kriteriar for :

1. fastsetting av dato for start beregning av vederlag
2. fastsetting av frådrag som vert gitt ved langtidsopphald
3. etterberekning av vederlag
4. sluttoppgjer etter dødsfall

Vedkjem pkt. 1.

Fastsetting av dato for start beregning av vederlag

- direkte frå heimen, brukar får ein frimånad frå dato for innlegging før vederlag for opphaldet vert sett i verk
- frå annan institusjon t.d. 2. linetenesta, korttidsopphald i kommunen over 60 døgn, vederlag for opphald vert sett i verk frå innleggingsdato. Det vert her ikkje gitt frimånad.

Vedkjem pkt. 2.

Fastsetting av frådrag som vert gitt ved langtidsopphald

- frådrag vert gitt i 3 månader frå den dato som vederlag for langtidsopphald vert krevd, denne perioden skal gje høve til å avklare, oppløyse, selge bustad
- Sandøy kommune gjev frådrag for dokumenterte buutgifter som:
 - i. straum
 - ii. kommunale avgifter: vatn/ kloakk, renovasjon
 - iii. forsikring av husværet
 - iv. husleige i leigebustad
 - v. Sandøy kommune gjev frådrag for buutgifter på maks kr 5000,-
 - vi. frådrag skal skje etter at skatt er trekt

Vedkjem pkt. 3.

Etterberekning av vederlag

Kriteriar for etterberekning vart ikkje handsama i K- sak 003/01. Fastsetting av vederlag, frådrag, og etterberekning henger saman. Ein vel difor å setje kriteriar for dette i same sak.

Forskrifta § 3 , 5. ledd seier ” Dersom beboerens økonomiske situasjon endrer seg vesentlig, eller tidligere vedtak viser seg å bygge på uriktige opplysninger, skal saken tas opp til ny vurdering. Viser skatteoppgjøret for foregåande år at det ikke er beregnet riktig vederlag, skal det skje et etteroppgjør.”

- etterberekning vert gjort etter at likninga for føregåande år ligg føre
- kommunen hentar inn kopi av likning og skatteoppgjer, til bruk i arbeidet med etterberekning
- tilgodehavande vert betalt ut til bebruar
- dersom etterberekning viser at føresetnadane for vederlagets storleik er vesentleg endra, vil kommunen fastsetje nytt vedtak om vederlag
- kommunen sett ein minimum sum på utfakturering av kommunens tilgodehavande på kr. 300,-

Vedkjem pkt. 4.

Sluttoppgjer etter dødsfall

- etterberekning og sluttoppgjer skal skje seinast 4 mnd etter dødsfall
- etterlatte skal innhente naudsynte opplysningar frå likningskontor til bruk i handsaminga av sluttoppgjeret
- sluttoppgjeret inneber etterberekning, samt tilgodehavande som er trekt i pensjon etter dødsfallet
- kommunen set ein minimum sum på utfakturering av kommunens tilgodehavande på kr. 300,-

Behandling i Formannskapet - 19.11.2001:

Vedtak i Formannskapet - 19.11.2001:

Formannskapet tilrår samrøystes: Som framlegget.

Behandling i Kommunestyret - 06.12.2001

I høve til framlegg til vedtak vart det av helse- og sosialsjefen påpeika ein mangel i pkt. 2 underpkt v., der ei formulering var falt ut. Det vart retta slik:

v. Sandøy kommune gjev frådrag for buutgifter på maks kr 5000,- ***pr. mnd***

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2001:

Samrøystes vedtak: Som tilråding frå formannskapet med helse- og sosialsjefen si retting under møtet.

SAKSUTGREIING.

BAKGRUNN FOR SAKA

I K- sak 1/00028-1 behandla ein frådrag i beregningsgrunnlaget for langtidsopphald og bruk av skjønn. Ein har effektuert ordninga i eit år. Ordninga vert med denne saka evaluert, og ein legg inn endringar i saka. Etterberegning etter at likninga er lagt ut er eit aktuelt område i handsaming av berekningsgrunnlag ofr langtidsopphald. Ein vel difor i denne saka å klargjere praksis for etterberegning for Sandøy kommune.

SAKSOPPLYSNINGAR

Forskriftene ” Vederlag for opphold i institusjon m.v.” fastsatt av Sosial- og helsedepartementet 26. april 1995 med endringar 18. desember 1998 med heimel i lov av 19. november 1982 nr. 66 om helsetenesta i kommunen § 2- 3 og § 6- 9 og lov av 13. desember 1991 nr 81 om sosiale tenester § 11-2.

Lov og forskrift gjev kommunen høve til å sette eigne normer. Fagleg sett er det særskilt viktig at saker som vedkjem vederlag for opphald i institusjon vert handsame på lik måte, uavhengig av kven som handsamar saka.

ØKONOMISKE KONSEKVENSNAR

Eigenbetaling frå bebuarar utgjer ein del av inntektsgrunnlaget til institusjonen. Ein vil kunne kome i ein situasjon der kommunen må betale ut større beløp til bebuarar, dersom føresetnadane for vederlaget er betydeleg endra frå eit vedtak om vederlag er fatta til etterberegning ligg føre. Dette gjeld særleg større endringar i formue og skatt.

VURDERING

I tillegg til gjeldande forskrifter, har Sandøy kommune spesifiserte kriteriar for :

5. fastsetting av dato for start beregning av vederlag
6. fastsetting av frådrag som vert gitt ved langtidsopphald
7. etterberegning av vederlag
8. sluttoppgjer etter dødsfall

Vedkjem pkt. 1.

Fastsetting av dato for start beregning av vederlag

- direkte frå heimen, brukar får ein frimånad frå dato for innlegging før vederlag for opphaldet vert sett i verk
- frå annan institusjon t.d. 2. linetenesta, korttidsopphald i kommunen over 60 døgn, vederlag for opphald vert sett i verk frå innleggingsdato. Det vert her ikkje gitt frimånad.

Vedkjem pkt. 2.

Fastsetting av frådrag som vert gitt ved langtidsopphald

- frådrag vert gitt i 3 månader frå den dato som vederlag for langtidsopphald vert krevd, denne perioden skal gje høve til å avklare, oppløyse, selje bustad
- Sandøy kommune gjev frådrag for dokumenterte buutgifter som:
 - i. straum
 - ii. kommunale avgifter: vatn/ kloakk, renovasjon
 - iii. forsikring av husværet
 - iv. husleige i legebustad
 - v. Sandøy kommune gjev frådrag for buutgifter på maks kr 5000,-
 - vi. frådrag skal skje etter at skatt er trekt

Vedkjem pkt. 3.
Etterberekning av vederlag

Kriteriar for etterberekning vart ikkje handsama i K- sak 003/01. Fastsetting av vederlag, frådrag, og etterberekning henger saman ein vel difor å setje kriteriar for dette i same sak.

Forskrifta § 3 , 5. ledd seier ” Dersom beboerens økonomiske situasjon endrer seg vesentlig, eller tidligere vedtak viser seg å bygge på uriktige opplysninger, skal saken tas opp til ny vurdering. Viser skatteoppgjøret for føregående år at det ikke er beregnet riktig vederlag, skal det skje et etteroppgjør.”

- etterberekning vert gjort etter at likninga for føregående år ligg føre
- kommunen hentar inn kopi av likning og skatteoppgjer, til bruk i arbeidet med etterberekning
- tilgodehavande vert betalt ut til bebuar
- dersom etterberekning viser at føresetnadane for vederlagets storleik er vesentleg endra, vil kommunen fastsetje nytt vedtak om vederlag
- kommunen sett ein minimum sum på utfakturering av kommunens tilgodehavande på kr. 300,-

Vedkjem pkt. 4.
Sluttoppgjer etter dødsfall

- etterberekning og sluttoppgjer skal skje seinast 4 mnd etter dødsfall
- etterlatte skal innhente naudsynte opplysningar frå likningskontor til bruk i handsaminga av sluttoppgjeret
- sluttoppgjeret inneber etterberekning, samt tilgodehavande som er trekt i pensjon etter dødsfallet
- kommunen set ein minimum sum på utfakturering av kommunens tilgodehavande på kr. 300,-

KONKLUSJON

I tillegg til gjeldande forskrifter, tilrår ein at Sandøy kommune vedtek spesifiserte kriteria for :

1. fastsetting av dato for start beregning av vederlag
2. fastsetting av frådrag som vert gitt ved langtidsopphald
3. etterberekning av vederlag
4. sluttoppgjer etter dødsfall

Lasse Larson Fjørtoft
konst. rådmann

Kari Birkeland
helse- og sosialsjef

Sandøy formannskapskontor, 07.12.01

Jorunn Finnøy
sekretær

Utskrift: Helse- og sosialkontoret, Økonomisjefen